Finansreglementet seier at vi ikkje skal ha tidsbinding på meir enn 3 md på likvidar. Rådmannen vil tilpasse forvaltninga reglane så snart avtale om 12 mnd binding går ut 5.oktober 2011.

I tillegg til innskot med rentebinding har vi i Sparebanken Møre konti med rente Nibor – daglig og konto i anna sparebank der vi i fram til 16. august får rente på 3,3 % og deretter 3,55 %.

Rådmannen meiner at forvaltning av likvide midlar er i samsvar med reglane i vårt finansreglement.

Gjeldsportefølje

Midsund kommune hadde per 31.12.2010 122 million kroner i lån til egne formål og til vidare utlån.

I januar 2011 auka vi opp med 22.4 million kroner i lån i Kommunalbanken knytta til finansiering av egne investeringar budsjettert i 2010.

Rådmann

Ansvar 1000 Formannskap og kommunestyret. Godtgjøringar betalast ut per november kvert år, og er slik ikkje fordelt. Vi må rekne med meirkostnader ut året grunna folkevaltopplæring haust 2011. Politisk vedtak frå september 2011 om utviding av driftsstyrar til 3 ut året, og innarbeiding i budsjett 2012 og økonomiplan 2012-2015.

Ansvar 1010 Kommune og fylkestingsval. Kostnadene er i hovudsak knytte til gjennomføring 12.9. og vil slik være klart ved årets slutt.

Ansvar 1021 Overformynderi. I hovudsak kjøp av tenester frå Kunderegnskap AS. Meldt frå stat om vidareføring av kommunalt ansvar for området også i 2012, og må slik innarbeidast i budsjett 2012 og økonomiplan 2012 og 2013.

Ansvar 1022-1029 Andre råd og utval. Godtgjøringar betalast ut per november kvert år, og er slik ikkje fordelt. Forventar meirkostnader ut året grunna folkevaltopplæring haust 2011.

Rådmannen tilrår at ny politisk struktur med utviding frå 1 til 3 driftsstyrar samt andre endringar i politisk struktur ikkje trer i kraft før frå nyttår, då det ikkje er set av rammer til auka aktivitet og eg ikkje ser alternativ inndekning i år.

Ansvar 1200 Rådmannskontoret. Tiltak meldt 1. tertial ang meirutgift ansvar 1200 rådmannskontor og ansvar 1201 felles utgifter var estimert til totalt kr 240 000 og skulle kunne dekkjast med tilsvarende vakante midlar ansvar 1400 personalkontoret. I ettertid har vi auka kapasitet ved personalkontoret slik at det vil vere ei restutfordring på om lag kr 150 000 ved utgangen av året.

Vakanse folkehelserådgivar månedane januar og august 2011. Midlartidig tilsetting september 2011, og utlysning fast 70 % stilling frå oktober 2011. Pårekneleg konsekvens ved vakanse ut året kan medføre tap av kr 125 000 i støtte frå fylket God helse pga ikkje oppfylt kontrakt. Ved vakanse ut året i stillinga utan bortfall av tilskot, vil dette dekkje ekstraordinær kostnad rådmannslønn januar og februar 2011. Ansvar er i 2011 saldert med prosjektmidlar budsjettert til kr 150 000. Grunna vakanse og manglande administrativ kapasitet er det ikkje søkt eller tildelt slikt tilskot, og det vil det heller ikkje vere rom for ut året.

Ansvar 1201 Fellesutgifter. Underbudsjettert lisensar og avgifter ca 30 000. Meirforbruk Hjelp 24 grunna arbeidsmiljø undersøkingar om inneklima, fysisk og psykesosialt arbeidsmiljø Kommunehuset og arbeidshelseundersøking leiarar, kr 50 000. Inneklimakostnad føres mot nytt investeringsprosjekt. Meirforbruk annonser/ utlysningar kr 100 000 (rådmannstilsetting). Innkjøpsleiarfunksjon/ koordinator for offentlege innkjøp etter lov. Bestillefunksjon overfor ROR innkjøpssamarbeid lokalt. Ny oppgåve i organisasjonen. Plassering av funksjon i organisasjon må diskuterast nærmare. Det arbeidast og med mulig samanslåing av ROR og Orkide innkjøp, med mulig budsjettkonsekvens for medlemmene. Avklaring i løpet av haust 2011.

Rådmannen har grunna vakanse ikkje fått fylgt opp implementering av Riskmanager dokumentstyring og avviskontroll slik føresett samt meldt til Arbeidstilsynet. Samarbeidet med Molde kommune viste seg lite effektivt grunna for stor ulikskap i programvare. Vi rekk ikkje oppstart på internkontrollsystem som meldt til oktober 2011. Ny dato uviss, da det avhenger av kapasitet til å gjøre programmeringa. Vi har i 2011 hatt skriftlig tilsyn frå Datatilsynet med kommunens rutinar for informasjonstryggleik rundt sensitive data og personopplysningar. Avvik konstatert, og pålegg om å arbeide med dette meldt tatt saman med innføring av Riskmanager. Blir også utsett.

Ansvar 1800 Servicekontoret. 1 av dei tilsette starta formell utdanning i offentlig rett gjennom Høgskolen i Molde haust 2011, samt at 2 tilsette følgjer internetbasert utdanning i arkiv. 50 % stillingsressurs har oppfølging av eldre arkiv for å gjere klar til avlevering og sikring materiell i forhold til lovverk. Det er oppdaga fuktproblem også i hovudarkiv, muggsopp i økonomiavdelinga sitt nærarkiv samt i bygg for avdelinga sitt 10 års arkiv. Dette vil medføre store kostnader å sikre og avlevere til IKA Møre og Romsdal i løpet av 2012. Stort etterslep på rydding, sortering og registrering av eldre arkiv lokalisert på arbeidsplassane og einingane, nærarkiv og i diverse fjernarkiv. Estimert behov for om lag 3 * 100 % stillingar i 6 månader til dette arbeidet før vi kan flytte frå Kommunehuset og har sikra arkiva våre forsvarlig. Investering i nytt depotareal ved IKA Møre og Romsdal vil påføre oss kostnader til tilsvarende hyllemeterbehov. Arbeider med å sjå på alternative måtar å organisere arkiv elektronisk i framtida vil redusere det fysiske behovet. Det kjem kostnader haust 2011/ vinter 2012 til å sikre alle politiske møtebøker siste 8 år med forsvarlig innbinding. Innarbeidast i budsjettforslag 2012.

Ansvar 1900 Midsund sokn. Varsel frå teknisk sjef per 31.8. brukt opp budsjetterte rammer til bistand soknet ut året. Skyldes underbudsjettering i forhold til faktisk forbruk siste 4 år. Teknisk sjef fått fullmakt til å gjennomføre gravferder som nødvendig, men elles full stopp i tenesteyting ut året. Estimert meirbehov ut året kr 40 000.

Ansvar 2000 Oppvekstadministrasjon. Forprosjekt skule slutført til 1.10.2011. Lønskostnader vil da bli endelig fordelt mot investeringsregneskap (15 % stilling i 10 månader). Barnehageprosjekt ferdig ved offisiell opning Gjerdet barnehage 1.10. 11. Kostnader til løn i prosjekt vil då bli endelig fordelt (15 % stilling i 10 månader). Oppvekstrådgivar gitt permisjon frå 1.10.11 til 1.8.2012 for å fungere som einingsleiar Midsund skule i vikariat. Ansvara 2050 PPT, 2140 Tøndergård skule, 2300 Vaksenopplæring flytta frå einingsleiar Midsund skule frå 1.10. til ansvar 2000 oppvekstadministrasjon frå 1.10. 2011. Dette tilsvarer ressursar til 20 % stilling med einingsleiarløn. Inntekter ved sal av stillingsressurs til PPT ikkje fordelt så langt i år og inntekt av pensjonatplass Tøndergård ikkje fordelt.

Ansvara 2130 Privat grunnskule og 2790 Familiebarnehage tilligger ansvar 2000 frå tidligare.

Ansvar 2130 Privat grunnskule. Art 1470 – Budsjett kr 170 000,- med bakgrunn i vedtak om spesialpedagogiske tiltak etter sakkyndig vurdering. I løpet av juli 2011 vart det gjort ytterligare vedtak om rett til spesialundervisning med bakgrunn i sakkyndige vurderingar frå PPT. Desse vedtaka har årseffekt kr 156 000,-

Art 1170 – skuleskyss, budsjett kr 130 000,-. Nye skysskostnadar for haust 2011 ikkje mottekne frå Fjord1. 2 elevar med skyssrett utover budsjettert, samt ytterligare 2 elevar med skyssrett til anna privat skule. Ikkje lengre bruk av taxiskyss innsida av Midøya. Sannsynleg innsparing ca kr 15 000,-

Samferdselsavdelinga MR Fylke fatta vedtak om rett til føljeperson/alternativ skyss for enkeltelev. Berekna kostnad ca 44 000 kr. Kjøp av tilsyn Midsund Montessoriskule, kostnad ca kr 10 000,-

Oversikt auka ressursbehov Midsund Montessoriskule:

Spesialundervisning	kr 156 000
---------------------	------------

Ansvar 2520 Idrett og friluftsliv. Kommunalt vedtak om betalingsfritak plan- og byggesaksgebyr for frivillige lag og organisasjonar som bygger friluftslivsanlegg for allmennheita fom år 2011, kostnadsregna til kr 30 000 i 2011. Dekkes gjennom omdisponering av byggesaksinntekter teknisk tilsvarande. Påløyst så langt i år kr 30 000. Det kjem søknader gjennom året frå frivillige lag og organisasjonar om kommunalt støtte til drift av turstiar og friluftsområdar som formannskapet ønskjer skal fremjast til behandling i kvart einskild tilfelle. Tidlegare hadde vi tilskotsordning for dette delegert til rådmannen å styre. Vert det gjeve støtte til slike tiltak, finnast det ikkje budsjettrammer og inndekking må finnast gjennom omprioriteringar i anna drift.

Ansvar 2530 Ungdomstiltak. Vakanse 5 % stilling som reinhaldar frå mai 2011 og ut året. Stenging av klubb i ordinær drift mai 2011 pga sjukdom og etter kvert vakanse i stilling frå juli 2011 og ut året. Omdefinering av drift frå september 2011 og ut året; kommunen leier ut lokalet gratis til lag og organisasjonar som ønskjar å arrangere tiltak for barn og unge mot at de ryddar og vaskar etter seg, og erstattar evt inventar og utstyr som blir øydelagt.

Ansvar 2790 Familiebarnehage. Vakanse i stilling som pedagogisk rettleiar for familiebarnehagen i perioden 01.01.-31.08.11 grunna omsorgspermisjon hos personalet. Etter fleire utlysningar eksternt og interne forsøk på organisering utan at vi fikk ressursen på plass er barnehagen drevet på disp utan denne ressursen hele året. Inntektssystemet for alle barnehagar er lagt om, og i 2011 ble hele tilskot frå staten overført familiebarnehagen tilsvarande 91 % av kommunal utgift til familiebarnehage. Utgift ut over budsjett ble kr 16 000. Kommunen har eldre avtale med familiebarnehage på å legge til rette for at familiebarnehagen hadde tilgang til pedagogisk personell som rettleiar. Vi klarer ikkje å rekruttere nok faglært kompetanse sjølv til dette, og det er ikkje attraktivt for kommunalt tilsette å kombinere dette med tilsettingen i kommunen ut over den som har stillingen pt. Når inntektssystemet nå er endra melder rådmannen at praksis med at kommunen legger til rette for pedagogisk personell til familiebarnehagen opphørar, og dei kan kjøpe denne tenesta av kven dei vil ut frå at dei har fått heile inntekta sjølv. Dette gjer dei friare til å tilby det som skal til for å få slik ressurs på plass, og kommunen følgjar opp sine tilsette betre og i tråd med våre behov og økonomiske ressursar. Praksis i dag betyr at kommunen sitter med arbeidsgivaransvar og utgifter ved sjukefråvær, mens familiebarnehage kun dekker faktisk forbruk. Dette er uryddig både økonomisk og for kommunen sin rolle også som tilsynsmynde med omsyn til disp til drift utan fagpersonell. Person som har denne funksjonen nå går ut i ny barselpermisjon medio desember 2011, og vi har etter utlysingsrundar ingen søkarar. Person med denne funksjonen i dag vert tilbydd anna arbeid i kommunen tilsvarande denne 15 % stillingen eller vert sagt opp frå den i regi av kommunen. Personen er fri til å inngå tilsvarande avtale direkte med familiebarnehagen om hun ønskjar det frå 1.1.2012.

Ansvar 2530 Ungdomstiltak. Utgifter til avskriving Idavoll og oppvarming går som normalt, men drifta leggjast om slik at leigetakarar i form av FAU, frivillige lag og organisasjonar får låne lokalet gratis for å skape tilbod for og med born og unge mot at dei organiserer, held orden og reinhald sjølv. Vi arrangerer val til Ungdomsråd, Ungdommens fylkesting og organiserer lokalt UKM som før, men ved hjelp av innleige av frivillige i staden for fast tilsett personell låst til fritidsklubben og til reinhald her. Dette kjem som følgje av minimalt med bruk av ungdom i målgruppa, og mykje negativ tilbakemelding.

Ann Heidi Paulsen Orvik

Konstituert rådmann

Midsund skule, vaksenopplæringa, PPT og Tøndergård skule

- Budsjett i Vaksenopplæring hausten 2011 er usikkert knytt til elevbetaling og tilskot frå privat næringsliv. Inntekter søkjast avklart i løpet av oktober 2011.
- Føresetnader i budsjett i høve einskildvedtak ved Midsund skule og Raknes skule er auka frå hausten 2011, og søkjast innarbeid i eksisterande rammar gjennom samkjøring av ressursar.
- Endring i rammer ansvar 2120 Raknes skule og ansvar 3780 avlastning/støttekontakt grunna overføring av assistentressurs og anna ressurs til Midsund skule

Ketil Ugelvik

Raknes skule og SFO

2120 Raknes skule

Har gått gjennom tala pr. 31.08.11

Ut i frå tala ser dette greitt ut.

Forbruk i prosent i forhold til budsjett stemmer også svært bra med i fjor og då kom vi godt ut.

2820 Raknes skule SFO

Tala for SFO ser mykje betre ut i år.

Ser ut til å spare inn ein del på lønn i år. Grunna redusert bemanning.

Inntekter: 1600 Brukarbetaling ligg vi heilt i rute med til same tid i fjor.

Brukarbetaling for heile året på 300.000 (budsjett) er budsjettert alt for høgt i alle år.

I fjor 2010 viser rekneskapet ei inntekt på kr.199.000.

Konklusjon: **Forventa overforbruk ca. kr.150.000** (kr. 226.000 i 2010)

2120 Fraværsrapport Raknes skule.

Fraværspersent på 6,6 % totalt. Har hatt ei langtidssjukemelding som opphørte 22. juni.

Vedkomande er no attende i full jobb.

I tillegg var det ei kortare sjukemelding med armbrot.

Vi har godt arbeidsmiljø med friske medarbeidarar med lite fråvær.

Utan det nemde langtidssjukefraværet, ville vi hatt eit svært lavt sjukefråvær.

2820 Fraværsrapport Raknes skule SFO.

Fraværspersent 0,0!!! Såre vel!!

Raknes skule 15.09.11

Jonas Storvik

- rektor -

2. tertial viser et positivt resultat på kr. 68.000,-

Reknar med at dette ansvaret gir et positivt resultat på ca kr. 60.000,- når året er omme.

Ansvar 3700 Midsund sjukeheim

Dette ansvaret viser et samla negativt resultat på kr.1.410.000,-

Her er det fleire faktorar som gjer at ein kjem ut med eit så stort negativt resultat i forhold til 2. tertial. For det første så ligg ein langt etter i forhold til art 1600, brukarbetaling. Etter budsjettet er det her eit negativt resultat på kr. 900.000,-

Innbetaling i august er ikkje med ca kr. 230.000,- samt ein person sida august 2010.

Mulig at ein innanfor denne arten har tatt høgde for eit større beløp, og at det ikkje er mulig å nå beløpet i budsjettet. Inntekt på omlegginga til fleire plasser (32 langtids plassar + 2 korttids plassar) ikkje i full drift før 01.03. I tillegg har det vært 2 - 3 plasser ledig i periode på 2 -3 mnd. Der det har vært inne personar på

korttidsopphald i kortare periodar, som gjer mindre inntekter. I same periode har ein hatt turnus som dekker fult belegg. Dette gir ca kr. 250.000,- i mindre inntekt.

Så langt i år har ein ved å sjå på art 1010, 1011, 1020 og art 1710, refusjon sjukeløn brukt ca kr. 250.000,- i meirforbruk. Det skyldes omlegging av drifta med

meirforbruk fram til medio februar og at sjukeheimen forskotterer lønn til

hovudtillitsvald i Fagforbundet på 24 %. På art 1011, avtalefesta tillegg har ein ikkje

tatt i budsjettet at ein har fått fleire sjukepleiarar og fagarbeidarar som har ein høgare timetillegg på kveld og nattevakter og kostar meir på helg og høgtid.

Har hatt meirforbruk på art 1030 Ekstrahjelp spesielt på skjerma avdeling, men også i forhold til ekstra sjuke bebuarar og ved dødsfall.

Konkret så har ein lagt inn ca 70 % st i mindre forbruk frå medio august, samt redusert litt på vaktlengde. Dette vil være med å redusere meirforbruket.

Reknar med at dette ansvaret vil ha eit meirforbruk på kr. 500.000,- når året er omme.

Ansvar 3710 Heimebasert omsorg.

Resultatet etter 2. tertial viser et negativt resultat på kr. 577.000,-

Noko av dette skuldast drift av Fjordstua til 07.02 og meirkostnad på bruk av himehjelp før omlegginga frå 07.02. Har konkret ekstrakostnad knytte til eit tiltak der det fram til og med 2. tertial har vært behov for 1:1 på kvardagar. Kostnad så langt på ca kr. 344.000,-.

Meirforbruk på vikar og ekstrahjelp knytte til svært presset periodar, og vanskelige faglige oppgåver der det har vært behov for bruk av ekstrapersonell.

Meirforbruk på tariffesta tillegg skuldas kostnadane på jul og nyttår 2010/2011 som er kostnad på 2011, ikkje i desember.

Har hatt sjukmelding på avdelingsleiar over ein lengre periode. Der har det da vært behov for å bruke anna personale i adm. oppgåver. Det betyr at ein har så langt i året brukt adm. kostnad på 100 %, som gir ein differanse på 40 % i meirforbruk.

Har hatt meirkostnad på art 1190, husleige på kr. 63.000,-. Det skuldas 2 faktorar.

Ledige omsorgsbustad som skal gjærast noko med før annen leietakar kjem inn, at

kostnader ved ekstra ressurs til ein person pluss andre ekstrakostnader som er omtala, er ikkje resultatet avskrekkande.

Når det gjelder sjukeheimen er det større bekymringar i forhold til økonomien. Der har det ikkje vært stabil leing før i mai. Det å ikkje har person i forhold til daglig drift har vært svært krevjande. Drifta av sjukeheimen pr. dags dato meiner eg drives forsvarlig. Det er mykje tungt arbeid og bemanninga må leggst opp etter dei oppgåvene som skal løysast.

Innanfor merkantile område er det svært høgt arbeidspress. Det gjelder både merkantil (Eva), einingsleiar (Leif Arne) og avdelingsleiarar (Mona, Martha, Anette og Sissel) Dette medfører at ein bl.a. ikkje rekker etter på brukarbetaling, vedtak, turnus til rett tid og besvarelser av alle hendvendelser. Her blir ein liggande etter på så mange områder at det blir usunt. Her vil nok kommunen måtte legge inn ekstra innsats for å gi gode arbeidsforhold på nøkkelpersoner. Det å ikkje klare å være i forkant kan gi og gir på enkelte områder stor utslag på tertialen.

Har frå 2010 til 2011 redusert merkantil personell frå 125 % til 75 %. I tillegg må denne personen i 75 % st. gjere mye oppgåver i forhold til servicekontoret.

No har denne person sagt opp si stilling og ved gjennomgangen av desse oppgåvene er det ikkje mulig å sette inn ein person. Her finner ein at det trengs minst 125 % st for å dekke dei oppgåvene.

For å avslutte med noko som gir gode ettertankar:

Svært positivt at sjukefråvære innanfor område er nede totalt på 5,3 % totalt. Det er viktige tall innanfor alle ansvar, men spesielt viktig innanfor dei store ansvara. Heimebasert omsorg har 9,3 %, Sjukeheimen har 4,6 %, Butenesta har 5,5%

Leif Arne Lagesen

Einingsleiar Helse og omsorg

NAV, økonomisk sosialhjelp, edruskapsvern

Ansvar 3540 Økonomisk sosialhjelp. Overforbruk økonomisk sosialhjelp første halvår, men underforbruk etter budsjett frå juni og så langt. Totalt overforbruk ca 10 prosentpoeng i forhold til budsjett.

Midsund kommune hadde per 31.august ei utestående fordring på forskottering NAV på 07, mill kroner.

Det ser per i dag ut til at vi må utgiftsføre resterande fordringa som tapt i 2011.

Ansvar 3550 Edruskapsvern. Manglande innkrevjing av skjenkeavgift/ alkoholomsetningsavgift frå skjenkestedane medfører inntektstap.

Ann Elin Høgset



Midsund kommune
Servicekontoret

Einingsleiarane

Melding om vedtak

Vår ref:
2011/285/14/153

Deres ref:

Saksbehandlar:
Ann Torill Vaksvik

Dato
19.10.2011

Rekneskap - 2.tertialrapport 2011

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 13.10.2011

1. *Kommunestyret tek økonomirapport 2. tertial 2011 til vitande.*
2. *Budsjettendringar/ omdisponering av ramme:*
 - *Ansvar 8450 Generelle statstilskot, reduserast med 6.79 million kr*
 - *Ansvar 3775 Tilskot til ressurskrevjande tenester aukast med 6.79 million kr*
 - *Ansvar 2120 Raknes skule reduserast med kr 83 000*
 - *Ansvar 2100 Midsund skule aukast med kr 83 000*

Partar (jfr. forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav e) har klagerett på dette vedtaket. Ei eventuell klage skal vere skriftleg og sendast til Midsund kommune, 6475 Midsund, innan 3 veker etter at De er gjort kjent med vedtaket.

Med helsing

Ann Torill Vaksvik
sekretær


Postadresse
Midsund
6475 Midsund
E-post: postmottak@midsund.kommune.no

Besøksadresse

www.midsund.kommune.no

Telefon
71 27 05 00
Telefaks
71 27 05 01

Bank
4108.07.00383
Org.nr
964 981 159



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/285-13
Arkiv: 153
Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik
Dato: 19.09.2011

Saksframlegg

Rekneskap - 2.tertialrapport 2011

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/73	Formannskapet	04.10.2011
11/84	Kommunestyret	13.10.2011

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport 2. tertial 2011 til vitande.
2. Budsjettendringar/ omdisponering av ramme:
 - Ansvar 8450 Generelle statstilskot, reduserast med 6.79 million kr
 - Ansvar 3775 Tilskot til ressurskrevjande tenester aukast med 6.79 million kr
 - Ansvar 2120 Raknes skule reduserast med kr 83 000
 - Ansvar 2100 Midsund skule aukast med kr 83 000

Behandling i Formannskapet - 04.10.2011

Økonomisjefen orienterte

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.10.2011

1. Kommunestyret tek økonomirapport 2. tertial 2011 til vitande.
2. Budsjettendringar/ omdisponering av ramme:
 - Ansvar 8450 Generelle statstilskot, reduserast med 6.79 million kr
 - Ansvar 3775 Tilskot til ressurskrevjande tenester aukast med 6.79 million kr

- Ansvar 2120 Raknes skule reduserast med kr 83 000
- Ansvar 2100 Midsund skule aukast med kr 83 000

Behandling i Kommunestyret - 13.10.2011

Økonomisjef Anne Oterhals og rådmann Ketil Ugelvik orienterte.

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 13.10.2011

1. Kommunestyret tek økonomirapport 2. tertial 2011 til vitande.
2. Budsjettendringar/ omdisponering av ramme:
 - Ansvar 8450 Generelle statstilskot, reduserast med 6.79 million kr
 - Ansvar 3775 Tilskot til ressurskrevjande tenester aukast med 6.79 million kr
 - Ansvar 2120 Raknes skule reduserast med kr 83 000
 - Ansvar 2100 Midsund skule aukast med kr 83 000

Saksutgreiing:

Rådmannen viser til økonomirapport per 2. tertial 2011.

Dersom meirforbruk samla i einingane og ellers blir slik signale er i dag vil vi ikkje klare målet om å dekkje inn heile underskotet på 1.556 million kroner fra 2008 i 2011.

Vurdering:

Mange einingar melder om auka behov, men alle tilgjengelige midlar er fordelt. Rådmannen har ikkje tilstrekkeleg kvalitetssikra grunnlag til å omdisponere innanfor rammene og slik imøtekome meirbehov i einingane. Dei varsla meirforbruka vil bli fylgt opp og søkt minimert innan utgangen av året. Einingane vil verte utfordra på moglege innsparingar som gjennom omdisponering kan dekkje meirbehova for kommunen samla.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Einingane må gjennomføre nærare analyser av administrative og økonomiske konsekvensar av å redusere forbruket mest mogleg ut året.

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Økonomirapport 2.tertial 2011, inkl finansrapport per 31.8.11

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Einingsleiarane

Kommunerevisjonsdistrikt 3

Kontrollutvalssekretariatet

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 30.11.2011

SAK 17/11
ADMINISTRATIV LEIARSTRUKTUR I MIDSUND - DRØFTING AV EVENTUELL
UNDERSØKING

Saka kom opp under eventuelt, jf kontrollutvalsak 12/11 på bakgrunn av tidlegare kommunestyrevedtak og brev frå rådmannen.

Det vart i saka gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til eit nærare presisert mandat i neste møte.

Det har i ettertid blitt reist spørsmål ved kor relevant ei slik undersøking er nå ein tek omsyn til dei organisatoriske endringar som har skjedd i kommunen. Det er aktuelt å få fram synspunkt på dette frå fleire aktørar og på bakgrunn av det få vurdert om det skal leggst ei tilråding fram for kommunestyret om å ikkje gjennomføre undersøkinga.

Det blir ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar